

Hordaland fylkeskommune
v/Fylkesrådmannen

Dato: 27.08.2018
Vår ref.: 2017/2682-125
Saksbehandlar: mernord
Dykkar ref.:

Angående søknad om ekstra midlar - Vestlandskonferansen for fylkeseldreråda i Hordaland, Sogn & Fjordane og Rogaland

Det vert vist til skriv av 27.06.2018, søknad om ekstra midlar til å arrangera Vestlandskonferansen i 2019 for fylkeseldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland.

Fylkeseldrerådet vil søkje om **kr. 75.000,-** til å arrangera Vestlandskonferansen i 2019.

Vestlandskonferansen 2019 skal vera på Solstrand Hotell og Bad. Ein har motteke eit «foreløpig» kostnadsoverslag frå Solstrand Hotell og Bad på kr. Ca 65.000,-. I tillegg kjem utgifter til pausemat, underholdning, innleiarar m.m – på cirka kr. 10.000,-.

Det vert søkt om at Hordaland fylkeskommune løyvar kr. 75.000,- i ekstra midlar. Når konferansen er over blir endeleg sluttsam for konferansen å fordela mellom dei tre fylka i forhold til antal deltakarar. Endeleg kostand for HFK vil såleis bli lågare enn det søkte beløp, men det vert søkt om at Hordaland fylkeskommune i første omgang løyver det søkte beløp på kr. 75.000,- som er naudsynt å ha til rådvelde for å kunne gjennomføre og betale for konferansen.

Dersom det er ønskeleg med dokumentasjon/bilag, så kan det leggjast fram.

Venleg helsing
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Faloa Sparre, nestleiar fylkeseldrerådet
for Kåre Ystanes
Leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.